

## Drenering og nye massar før asfaltering.

29.06.2020



Musland Maskin har jobben med å ta bort, drenera og tilføra nye og betre massar før asfaltering.

**Det er utført eit stort og omfattande arbeid ved Kunsgrasbanen dei siste veke. Musland Maskin har hatt fleire maskinar i arbeid med masseuskifting, drenering og planering før asfaltering i slutten av denne veka. Det er mellom anna midlar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad som gjer det mogeleg å ferdigstilla ein ny del av prosjektet Gull av Grus. Løyvinga var på kr. 500.000,-**

Steinar Haugland i Uskedal Idrettslag fortel til Uskedalen.no at arbeidet var naudsynt for å stabilisera område med ny drenering og nye massar. Det er gjort på den eine langsida av banen i tillegg til areale ved muren og parkeringsplassen.

Arbeidet i denne omgang omfattar også planering og ny jord der det skal såast til. Skateelementa, som i dag står ved Uskedal skule, vert flytta og plassert i kroken ved muren.



Område vert finplanert og klargjort for asfaltering, truleg i denne veka.

Ved slutføring av arbeidet vert område meir tiltalende og mykje enklare å vedlikehalda.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal